

## Vedlegg 1

### REFERAT - UTKAST

# Styringsgruppa for Miljøløftet

Møte 09.02.2018 | Klokkeslett: 09:00-12:30 | Dato: 15.02.2018

Stad: Fylkesutvalssalen, Hordaland fylkeskommune

Sakshandsamar: Torill Klinker      Dato: 16.02.2018      Dok: Fyll inn.

	Namn	Part
<i>Møtedeltakarar</i>	Terje Moe Gustavsen (møteleiar)	Statens vegvesen
	Anna Elisa Tryti	Bergen kommune
	Pål Kårbø	Hordaland fylkeskommune
	Lars Christian Stendal	Jernbanedirektoratet
	Lars Sponheim	Fylkesmannen i Hordaland
<i>Øvrige deltakarar til stades</i>	Anne Iren Fagerbakke	Bergen kommune
	Øivind Støle	Bergen kommune
	Rune Haugsdal	Hordaland fylkeskommune
	Håkon Rasmussen	Hordaland fylkeskommune
	John Martin Jacobsen	Hordaland fylkeskommune
	Hans Christian Engum	Hordaland fylkeskommune
	Tone Oppedal	Statens vegvesen
	Grethe Vikane	Statens vegvesen
	Hans Silborn	Statens vegvesen
	Beate Eide Riisnæs (sak 15/18)	Statens vegvesen
	Kristoffer Sandvik Monsen	Statens vegvesen
	Frode Aarland (sak 17/18)	Statens vegvesen
	Erik Johannessen (sak 13/18 og 14/18)	Statens vegvesen
	Kjell Kvingedal	Fylkesmannen i Hordaland
	Trond Høyde	Jernbanedirektoratet
	Torild Hage	Jernbanedirektoratet
	Astrid Håvik	Jernbanedirektoratet
	Torill Klinker (referent)	Sekretariat

## Sakliste

Sak 11/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
Sak 12/18	Godkjenning av referat frå møte 02/18
Sak 13/18	Bompengeordninga: Prisjustering og innføring av miljødifferensierte takstar
Sak 14/18	Rushtidsavgift i nye bomsnitt på Torget og i Straumeveien
Sak 15/18	Status bygging av nye bomstasjonar
Sak 16/18	Presentasjon ny nettside
Sak 17/18	Framdriftsplan Handlingsprogram 2019-2022
Sak 18/18	Utviding av vikariat kommunikasjonsansvarleg
Sak 19/18	Utviding av avtaleområdet
Sak 20/18	Eventuelt

### **Sak 11/18 Godkjenning av innkalling og sakliste**

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent

### **Sak 12/18 Godkjenning av referat frå møte 02/18**

Vedtak:

Det vart tilført fleire endringar under sak 07/18 og 08/18. Referatet frå møtet den 12.02.18 er sendt ut på nytt og godkjent med dei endringar som føreligg.



## **Sak 13/18 Bompengordninga: Prisjustering og innføring av miljødifferensierte takstar**

Til grunn for finansieringsplanen i Stortingsprop. 11 S (2017-2018) er det føresett at miljødifferensierte takstar vert innført så snart som råd etter at Stortinget har fatta vedtak.

*Vedtak: Styringsgruppa viser til lokalpolitiske vedtak og omtale i Stortingsprop. 11 S (2017-2018) om å innføre miljødifferensierte takstar så snart som råd og i tråd med vedlagt notat.*

## **Sak 14/18 Rushtidsavgift i nye bomsnitt på Torget og i Straumeveien**

For at bomsystemet skal oppfattast logisk for trafikantane, og for å unngå omkøyning, er det ynskjeleg å innføra rushtidsavgift også i dei nye bomsnitta i sentrum og i Straumeveien. Bergen kommune presiserte at det nye bomsnittet i sentrum skal plasserast i Småstrandgaten og på Strandkaien, og ikkje på Torget (jf bystyresak 31. jan.2018).

*Vedtak: For at rushtidsavgift skal kunna innførast på Strandkaien, Småstrandgaten og i Straumeveien, må Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune fatta naudsynte lokalpolitiske vedtak. Deretter kan saka takast opp med Samferdselsdepartementet.*

## **Sak 15/18 Status bygging av nye bomstasjonar**

Prosjektlear Beate Eide Riisnæs orienterte. Mindre forseinkingar i samband med utlysing av kontraktar, men prosjektet er i rute til opning og drift av nye bomstasjonar til 01.01.2019.

På landsbasis er det no fleire store bypakkar som utvidar. Statens vegvesen peika på moglege utfordringar med at det berre er ein utstyrsleverandør som har godkjenning av Vegdirektoratet.

*Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.*

## **Sak 16/18 Presentasjon av ny nettside**

Kristoffer Sandvik Monsen orienterte om prosess og framdrift kring nye nettsider for Miljøløftet, samt behovet for ei eigna styringsgruppe for dette arbeidet.

*Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering og vedtek at administrativ koordineringsgruppe er styringsgruppe for utvikling av nye nettsider.*



## Sak 17/18 Framdriftsplan Handlingsprogram 2019-2022

Torill Klinker orienterte om framdriftsplan knytt til Miljøløftet sitt handlingsprogram for 2019-2022. Revidert handlingsprogram skal danne grunnlag for budsjettinnspel til Statsbudsjettet for 2019, og gje rammer for investeringsbudsjett for neste 4-årsperiode. For å sikra statlege midlar er det avgjerande å fatta lokale vedtak i Fylkesting og Bystyre i juni 2018. Arbeidet med handlingsprogrammet er i rute.

*Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.*

## Sak 18/18 Utviding av vikariat kommunikasjonsansvarleg

Torill Klinker orienterte om ressursituasjonen på kommunikasjonsarbeidet og behov for at noverande vikar får forlenga midlertidig tilsetjing ut året. Styringsgruppa støtta dette midlertidige behovet, men presiserte at ei eventuell ny fast stilling innanfor kommunikasjon bør prioriterast i samband med rullering av handlingsprogrammet, og etter ei fagleg behovsvurdering.

*Vedtak: Noverande kommunikasjonsansvarleg får forlenga midlertidig tilsetjing ut året. Avgjerd om eventuell oppretting av ny stilling på kommunikasjon vert teke i samband med revisjon av handlingsprogram 2019-2022.*

## Sak 19/18 Utviding av avtaleområdet

Hans Christian Engum orienterte om prosessen. Styringsgruppa påpeikte behovet for organisatoriske førebuingar og økonomiske rammer før ei eventuell forhandling kan starte. Angående avgrensing av eit framtidig avtaleområde er det viktig å involvera breitt, men samstundes sikra representativitet i høve til byvekstutfordringar. Det vart presisert at den nye kommunen i Nordhordland heiter *Alver kommune*.

*Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.*

## Sak 20/18 Eventuelt

Bergen kommune viste til bystyrevedtaket om utgreiing av bybanedepot i fjell på Spelhaugen. Arbeidet er i slutfasen, bystyret vil koma med si innstilling innan kort tid.

Midlertidig arealbehov for nybilhandtering. Partane vart einige om å sjå på aktuelle løysingar i fellesskap.

Styringsgruppa bad sekretariatet om å leggja fram Finansieringsplan for bybanen BT 4 til neste styringsgruppemøte.